



**Sogn og Fjordane
Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Presteholten 15
6810 Førde
Tlf 91 81 95 45
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post:
joan.mageroy@mentor.no

**Til - lagleiarane og alle med interesse for o-sporten i fylket
- deltakarane på o-løp i 2019**

Førde, 04.10.2019

OPE MØTE I O-KRINSEN I SAMBAND MED IDRETTENS MØTEPLASS

Tidspunkt **Laurdag 26. oktober kl 13.00 – 16.00.**
Stad **Firda vgs. på Sandane**
Påmelding **Seinast torsdag 17. oktober.**

Sogn og Fjordane idrettskrins inviterer til samlinga Idrettens Møteplass 2019, i Trivselshagen på Sandane. Interesserte foreldre, trenarar m.m. frå alle idrettar er inviterte til felles føredrag og lunsj. Etterpå er det separate samlingar i særkrinsane. Det er gratis deltaking på heile programmet.

Utøvarar i alderen 12 -19 år har treningssamling parallelt med programmet for dei vaksne.

Sjå programmet i eige vedlegg til e-posten frå o-krinsen. Du kan også sjå linken <https://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/sogn-og-fjordane-idrettskrins/idrettslag/idrettens-moteplass/>. Begge alternativ fører deg til link for påmelding som også gjeld o-krinsen si samling.

Program for o-krinsen si separate samling etter lunsj

Kl 13.00	<i>Terminlista 2020</i>	v/Jan Herstad
Kl 13.30	<i>Regionreforma</i>	
	- Kva skjer i NOF sine krinsar? - Kva skjer på idrettskrinsnivå? - Kvar står SFOK i prosessen?	v/Johan Magerøy
	Innlegg frå lagleiarar/andre med syn på regionreforma og korleis SFOK bør tenkje. Her er ønskjeleg at deltakarane engasjerer seg og seier si mening.	
Kl 14.30	<i>Pause</i>	
Kl 14.45	<i>O-krinsen informerer</i>	v/Johan Magerøy
	- Om ny støtteordning, tildeling av støtte frå idrettskrinsen i 2019. Aktuelt for fleire o-grupper å samarbeide om prosjekt og felles søknad? Søknadsfrist: 1. nov. - Endringar i KM-reglane som SFOK-styret vil føreslå på krinstinget i 2020. - Andre tema som måtte komme opp.	
Kl 15.30	<i>Utdeling av deltakarpremiar for 2019.</i> Trekking mellom dei som står likt.	v/Jan og Johan
Kl 15.50	<i>Premie til vinnarane av ungdomscupen 2019.</i>	v/Kristin Heimlid Øiestad
Kl 16.00	<i>Heimreise.</i>	

Velkommen!

Med helsing
Sogn og Fjordane Orienteringskrins

Johan Magerøy
Tlf 9181 9545